

Vestlandsrådet

Innspel til havstrategien frå Vestlandsrådet

Bakgrunn

Noreg er ein havnasjon, og havet er ein fellesnemnar for dei viktigaste næringane i landet, målt i verdiskaping. Til tross for den store betydninga havet har hatt og har for Noreg, veit vi fortsatt lite om havet samanlikna med kunnskapen vi har om landjorda. Her ligg det eit stort potensial for framtidig verdiskaping. Regjeringa har derfor bestemt at det skal utarbeidast ein heilskapleg havstrategi

Norge er i verdstoppen innan bl.a. skipsfart og maritim næring, petroleum og energi, og fiskeri og havbruk. Samtidig ligg det eit betydeleg potensial i auka samhandling mellom desse næringane. Dette er bakgrunnen for at regjeringa har sett i gang arbeidet med ein havstrategi. Regjeringa har allereie ei betydeleg satsing på havrommet, og havet er eitt av dei prioriterte områda i langtidsplanen til regjeringa for forskning. Målet for satsinga er auka verdiar frå næringar i havet, i kystområda og på kontinentalsokkelen, betre forvaltning av økosystem og ressursar i havområda, samt reine hav og sunn og trygg sjømat. Regjeringa har allereie levert ein maritim strategi, og utarbeidd ein masterplan for marin forskning. Havstrategien skal ivareta heilskapen i satsingane til regjeringa på havnæringane, med søkelys på næringsaktivitet, berekraftig vekst, arbeidsplassar og verdiskaping. Regjeringa tar sikte på å legge fram strategien våren 2017. Frist for innspel er sett til 1. november 2016.

Vurdering

OECD anslår at havøkonomien kan doubles innan 2030, og det vert forventa at ressursar frå havet kan bidra til å løyse globale utfordringar blant anna innan matproduksjon. På norsk sokkel har vi produsert mindre enn halvparten av det vi antar er utvinnbare ressursar, så olje vil framleis vere viktig for Noreg i framtida. Samtidig opplever vi kompetanse- og teknologioverføringa på tvers av havnæringane. Innan desse fagområda er Noreg verdsliane og eit slikt samarbeid kan gje betydelege moglegheiter for vekst innan dagens havnæringar, men også skape «ny» havbaserte industri.

Vestlandet har sterke tradisjonar knytt til havretta næringar. Desse næringane er inne i ei tid med omstilling. Prisfallet på olje har medført at bedriftene må sjå mot fleire segment. Dette er eit langsiktig arbeid, men næringa har allereie klart å få til ei meir differensiert portefølje av aktivitetar.

Vestlandet er havbruksregion og er sterke på fiskeri, har ei betydeleg rolle med å produsere marine protein og forsyne verda med mat og har mange bedrifter som er spesialisert mot havbruksteknologi og –tenester. Det er forventa stor vekst i den marine næringa i åra som kjem.

Låge oljeprisar har gitt betydelige utfordringar for petroleumsnæringa. Store olje- og gassressursar kan gjennom reduksjonar i kostnadane og auka effektivitet sikre eit høgt aktivitetsnivå og framtidig lønnsemd.

Vindressursane til havs utanfor Norskekysten er svært gode. Det trengs auka teknologiutvikling og innovasjon for å kunne ta i bruk desse ressursane, og dermed gi auka aktivitet for den maritime industrien.

Miljø

Avfall som følge av menneskeleg aktivitet finst i alle verdens hav. Havsøppelet er eitt av dei største problema i det marine miljø i dag, og det er ikkje nokon stad på kloden som er uberørt. I tillegg vert verdshava stadig surare. Dei siste 200 åra har gjennomsnittleg surleik i havoverflata auka med 26 prosent på verdsbasis. Norske havområde er spesielt utsett for havforsuring, særleg lengst i nord. Årsaka er blant anna at kaldt vatn kan ta opp meir CO₂ enn varmare vatn, og at tilførsel av ferskvatn frå elver og issmelting

Vestlandsrådet

svekkar evna havet har til å nøytralisere forsuringa. Pågåande klimaendringar i form av auka nedbør, auka avrenning med elver og auka issmelting, vil i tillegg kunne forsterke sårbarheten og ytterlegare redusere havets motstandskraft mot forsuring.

Rekruttering og kompetanse

Vi ser no ei utvikling der den maritime næringa utnyttar kompetansen sin og vidareutviklar den inn mot nye marknader som offshore vindkraft, gruvedrift til havs, havbruksnæringa etc. Vidare ser vi at fiskebåten blir ein del av bioøkonomien med prosessering om bord. Det er stort unyttta potensiale i havrommet som gir nye moglegheiter for den maritime og marine næringsklynga.

Vestlandet har komplette klynger innan maritim og marine næringar. Det er viktig at det vert lagt til rette for gode utdanningsløp knytt til desse fagområda framover, både på vidaregåande skule, fagskule, høgskule og universitet. Det er også viktig at det vert lagt til rette for gode etter- og vidareutdanning på bachelor, master og doktorgradsnivå for å heve kompetansenivået og attraktiviteten til den havbaserte næringa i regionen.

Samferdsel og kunnskapsbasert forvaltning

Samferdsel og transportinfrastruktur er viktig offentleg tilrettelegging for å oppnå regional utvikling og vekst. Det har lenge vore eit mål for norske myndigheiter å kanalisere meir av godstrafikken til sjøs, utan at ein har lukkast. Med ei aukande satsing på havbaserte næringar må innsatsen for å etablere ein effektiv miljøvenleg logistikk i kyst og havområde også aukast. Her kan det testast ut berekraftige teknologiløysingar på statlege eller fylkeskommunale ferjesambanda langs kysten som til dømes elektrisitet- og hydrogenmotorar.

Auka aktivitet i dei havbaserte næringane vil også føre til at kystsona vert utsett for sterkare konkurranse med omsyn på areal. Tilgang på gode oppdrettslokalitetar er i dag ein knappheitsfaktor for vidare utvikling av havbruksnæringa. Næringa ser no på moglegheita til oppdrett offshore, der nye teknologiske løysingar og driftsmodellar vert testa ut i tett samarbeid med teknologileverandørar frå offshorenæringa.

Kunnskapsbasert forvaltning er avgjerande for å finna gode løysingar og førebyggja framtidige konflikhtar mellom næringane. Målet bør vera å få best mogeleg kunnskap tilgjengeleg for offentleg forvaltning for bruk av havområda våre.

Forsking

Utnytting av havrommet har gjort regionen til eit marint og maritimt tyngdepunkt, der erfaringsbasert kompetanse er kopla saman med høgare formell kunnskap. Evna til å utnytte moglegheitene i havrommet er ein del av grunnlaget for den framtidige verdiskapinga i regionen. For å lykkast trengs det meir forsking og utvikling, både forvaltingsforsking og brukarstyrt forsking der bedriftene sit i førarsetet, og forsking som er med på utvikle dei regionale forskings- og utdanningsinstitusjonane som skal støtte opp under næringslivet sitt innovasjonsarbeid.

Havnæringane

Næringar og leverandørar som er retta mot havrommet er godt posisjonerte for å utvikle og ta i bruk ny teknologi i produksjon av marine protein og ingrediensar. Høgforedling av biomarine ingrediensar har eit betydelig potensiale innan fôr/industri, helse/ernæring og farmasi. Regionen sine naturgitte fordelar og ei stadig meir integrert marin klynge, bør gjere det mogleg ta ein globalt leiande posisjon med basis i berekraftig og lønsam utvikling og utnytting av marine bioressursar og restråstoff i industriell skala.

Oppdrett av laks er godt etablert. I tillegg er det oppdrett av kveite og reinsefisk. I framtida kan andre marine arter verte aktuelle. T. d. er det interesse for taredyrking i regionene vår. Eit nasjonalt ansvar vil vere å kartlegge økosystema som grunnlag for moglegheiter innan bioprospektering nye oppdrettsarter, men ikkje minst for å sjå til at

Vestlandsrådet

verknaden på det marine miljøet vert akseptabel. Ved eit slikt nybrottsarbeid blir det og særleg viktig at forvaltninga får ressursar til å vere i forkant.

Vestlandet har mange etablerte klynger innan maritim, petroleum og marin. Det er peika på crossover i dei blå næringane som eit stort potensial for framtidig verdiskaping. Vår maritime kunnskap er konkurransefortrinn for dei nye mulegheitene innanfor havrommet. Det ligg mulegheiter både nytte eksisterande kunnskap inn mot nye segment, og å finne heilt nye forretningsmulegheiter i havrommet som treng maritim kompetanse anten det er mineralutvinning på havbotnen eller hausting av nye marine artar.

Olje og gass vil også i framtida stå for ein betydeleg del av vår energiproduksjon, men denne må ikkje kome i konflikt med andre næringar i havrommet. Det kjem stadig nye måtar å utføra slike operasjonar på, slik som meir effektiv seismikk og horisontell boring. Allereie bygde installasjonar kan brukast til å innføre og teste ut fornybar energi. Utnytting av dei store vind- og bølgeressursane langs Norskekysten er utfordrande teknologisk og kostnadmessig. Teknologi knytt til forankring av installasjonar til havvind og bølgekraft er eit aktuelt område for utvikling. Det same gjeld drift- og vedlikehalds og service.

Forslag til vedtak:

Vestlandsrådet meiner at Havstrategien til Regjeringa må vektleggje:

1. Styrke innovasjonskrafta mellom anna ved å legge til rette for havromsutdanning på fag-, høgskule og universitetsnivå der sterke næringsklynger er lokalisert samt sterkare kobling mellom vidaregåande opplæring og havnæringene (t-d. «Blått kompetansesenter»)
2. Byggje opp ein meir moderne FoU-infrastruktur som understøtter behova innan forvaltningsretta og brukarstyrt forskning på havbaserte næringar og utvida støtte til pilotsenter for å oppskallere og kommersialisere teknologi og nye konsept.
3. Legge til rette for fleire sentre for forskingsdrevet innovasjon (SFI) innan havromsnæringar med sterk vektlegging på deltaking av næringslivet og langsiktig satsing på nasjonale næringsklynger Styrke og vidareutvikle dei havbaserte næringsklyngene, og legge til rette for samarbeid på tvers av klyngene.
4. Modernisere og utvikle system og metodar for planlegging i hav og kystområda.
5. Kartlegging av kyst- og havområda for betre tilrettelegging av areal for å minske konflikten mellom næringane og kartlegge potensial for utvinning av undersjøiske mineralførekomstar.
6. Auke forvaltingsforskninga på marine ressursar, inkludert kartlegging av potensielle nye oppdrettsarter.
7. Stimulere til innovativ teknologiutvikling i internasjonal målestokk innan sjøfart som nullutslepps fartøy eller førarause fartøy, elektrifisering av ferjesambanda langs kysten. Utnytte det norske handlingsrommet som marknad for norsk teknologiutvikling.